



Arkes Bygg AS
Eskild Pedersen
Tertnesflaten 2
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4720 - 15/19654

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
19.05.2015

Ferdigattest gbnr 55/32 Bruvoll - nybygg bustad m/garasje

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.03.2010. Det vert elles vist til søknad motteken 19.05.2015 og supplert 19.05.2015.

Skildring:

Adresse:	Trælandsvegen 93 A og B
Bygningstiltak:	Bustad med to bueiningar
Bygningsnummer:	300127344

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad med to bueiningar på gnr. 55, bnr. 32. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:
Darius Bacvinka

Trælandsvegen 93 5956
A

HUNDVIN

Mottakarar:
Arkes Bygg AS

Tertnesflaten 2 5114

TERTNES